

Johannes Fossmark

1812 – 1898

Arne Bjørndal

Stykket er henta frå Årbok for Nord-og Midhordaland sogelag 1954.

Folkemusikktradisjonen i Hordaland fortel at her var det mange som dyrka felespelet. Miljø, lynde, tru og tenkjemåte sette sitt stempel på spelet, her som andre stader. Ein kan merka seg dette både i oppfatning, utforming og tolkemåte.

Fleire av dei gamle felespelarane i Nordhordland var so kjende og dugande at dei fekk sine namn innrita i soga om folkemusikken. Eg nemner nokre av dei fremste: Magne Kleiveland 1805 – 1892 (Einlidskaren), Haus¹, som hadde lært av Nils Rekve 1778 – 1846 og var ofte saman med Ole Bull og spela åt han i mange høve. Like eins Martinus Gjeldsvik 1826 – 1886, Lindås². Og millom dei fremste må nemnast Johannes Fossmark 1812 – 1898, Bruvik³, som eg her skal freista fortelja litt om. Millom dei mest dugande gamle felespelarane me hev havt, lyt me og koma i hug Per Mjåtveit 1800 – 1884 frå Meland⁴.

Av heller yngre spelemenn frå Nordhordland nemner eg særleg ein mann: Arne Høyland 1858 – 1942 frå Hosanger, framifrå, særleg på nyare dansespel⁵.

Ein annan kjend og særst aktiv spelemann var Martinus Fosse (Rabben) (1848 – 1931) frå Meland⁶.

Kvalitativt var vel ikkje spelet hans av det beste, men mange var slåttane han kunde, og snaudt nokon anna spelemann frå dette bygdelaget hadde spela i so mange bryllaup, 712 i alt! Som med Arne Høyland var det og med Martinus Fosse, det var runddansslåttane dei spela mest og best.

Johannes Fossmark var fødd på garden Fossmark i Bruvik. Av fem syskin var han den elste, det var tre guitar og two gjentor. Som odelsgut tok han mot farsgarden og dreiv han godt i om lag 30 år. Seinare livde han som kårmann heime – til han i slutten av 90-åri fall frå.

Far til Johannes Fossmark heitte Ola Nilson Songstad 1775-1847, han var frå Haus. Ågot Fossmark 1782 - 1861 var mor hans. Ola Songstad fekk Fossmark med henne, ho var jordagjente der. Kring 1700 skulde der vera ein glup spelemann på Songstad, men han høyrdet til same ætti som Ola Nilsson veit eg ikkje.

Kona til Johannes Fossmark, Anna Knutsdotter Boge 1816 – 1874, var frå Boge. Bestefaren på morsida heitte John Fossmark.



Alt som smågut synte Johannes Fossmark interesse og givnad for musikk. Han laga seg eit slag fele og; men det vart ikkje noko greida på det før han fekk seg eit skikkeleg instrument, ei tveita- og samning-fele, laga av Johannes Bårdson Tveit 1786 – 1847, i Samnanger.

Johannes Fossmark lærde først felespel av Isak Rokne 1801 – 1877, Voss. Seinare fekk han ikkje so fåe slåttar av Ola Mosafinn (1828-1912) som sjølv hadde lært mykje av Rokne. Men siste nemnde var so rik ei kjelde at ingen av dei lærde alt han kunde. Isak Rokne var ofte saman med Myllarguten, soleis at både Fossmark og Mosafinn må ha lært ymse slåttar som kan førast attende til denne meisteren. Mosafinn og Fossmark var ofte saman og spela, og Mosafinn kytte av Fossmark sitt felespel. Og ved eit høve

sa han : "Eg hev ikkje høyrt nokon spela so godt sidan eg høyrdé læremeisteren min, han Isak Rokne." Ein annan gong dei spela saman sa Mosafinn : "Det er merkeleg med deg, Fossmark, til lenger eg kjem frå fela di, til betre løt ho!" Då svara Fossmark: "Eg hev ikkje høyrt nokon spela so godt som han Isak Rokne, - undantek deg, Mosafinn." Rokne må ha spela framifrå fint. Spelemannen Mons Havrå (1847-1931) fortalte at kona til Johannes Fossmark gret då Rokne spela. At Johannes Fossmark må ha spela omframt godt og hugtakande, er tvillaust. Då eg ein gong spurde Mosafinn kva spelemann han kunde nemna som han totte spela vakra og mjukast, svara han strakst : "Eg hev aldri høyrt nokon som spela so fint som Johannes Fossmark."

Mosafinn og Fossmark rødde mykje saman om spel og spelemenn, og dei bytte slåttar med einannan. Slåtten "Fossmarken" fekk Mosafinn av Fossmark året 1885. Spelet var kjenslerikt og fjetrande, Mosafinn undra seg på dette mang ein gong. Ein gong sa han: "Du Johannes, du får det so makelaust fint, eg kan ikkje få det so fint." Då svara Fossmarken: "Dreg du ikkje bogen lika stilt og mjukt attende (nedstroken) so du dreg han fram (oppstroken), treng du ikkje tru det at fela får den rette ljoen." Fossmark var sær god på spingar, og ristetaki (triolane) rann makelaust lett og jamt, og rullen rann som sildrebekken frå syngjande felesteng. Dei hermde etter ein som høyrdé han i godmølet sitt: "Det var so fortærande fint eit spel at det tok deg til kroppen."

Fossmarken kunde ei mengd gamle og særmerkte slåttar, serleg springar og rull. Han liktes Mosafinn i det at når slåttane kom i hans hand, fekk dei eit rikare innhald, eit lettare drag og ein ljosare dåm. Melodien vart meir forklåra, rytmien kvass og eggjande.

Johannes Fossmark hadde ikkje so fåe lærresveiner frå ymse kantar; han hadde ikkje hjarta til å visa nokon bort. Dei var frå Nordhordland, Samnanger, Sogn og Voss. Millom dei som lærde spelkunna og slåttetradisjonar av han var Mons Havrå, som eg tidlegare hev nemnt. Ein slått han fekk av Fossmark heitte "Sigridslåtten". Den hadde Fossmark fenge av Isak Rokne. Det var i 1870-åri at Havrå lærde denne og nokre namnlause slåttar av Johannes Fossmark. Havrå sa om lærmeisteren sin m.a. : "Han spela so godt og var so god i alt." Mons Kvitingen i Samnanger (1851-1921) som og lærde hjå Fossmark, sa: "Det var mjukt og knøtanes fint, spelet hans, men ikkje følt høgt."

Johannes Songstad som og var frå Haus, hadde lært ein del av same meisterer, like eins ein som heitte Nils helle frå Bruvik, f. 1831.

Omframt Ola Mosafinn frå Voss var Lars Helgeland (1823-1907) frå Myrkdalen på Vossestrand ein av dei beste som lærde ymse slåttar av spelemenn i Bruvik. Han var far til Sjur Helgeland (1858-1924). Millom dei slåttane Lars Helgeland fekk av Fossmark, var springaren "Fossmarken." "Far min lærde mykje av Johannes Fossmark, han skulde spela sers fint," sa Sjur Helgeland.

Alle fråsegner samstavar i det at Fossmarken må ha vore ein sers god spelemann. Og som eit supplerande prov på det, nemner eg at han vart beden til Bergen, skulle spela åt Ole Bull⁷.

Lærdalsmarknaden var årvisse møtestad for spelemenn i Fossmarken si tid, og dit for han ofte. Der kom han saman med yrkesbrør frå ymse kantar, lærde frå seg og fekk framande slåttar i byte. Ein av dei han spela i lag med, var Ole Sandnes (1819-1888) frå Lærdal, han lærde ein springar og ein rull av Fossmark. (Eg lærde desse slåttane av Mosefinn).

Men han var heimekjær, og utanom bryllaupsspeling og marknadsferder, var han sjeldan borte frå heimen.

Johannes Fossmark sitt namn som spelemann var vidkjent. Han vart beden til bryllaup ikkje berre i Nordhordland, men i grannebygdelen med, soleis ikkje so sjeldan i Samnanger. Han kunde alle tradisjonelle tonar og slåttar, og spela på mange ulike felestille, som høyrdet til sers høve og seremoniar i dei gamle, stilfulle og fargerike bryllaup på bygdene. Sjølv skulde ha laga slåttar og, og ein av desse skal framleis vera nytta, men kva for ein det er, veit eg ikkje.

Han lika best å leika sine slåttar i eige stove og spela det som i slike stunder rann han i hugen og ikkje på kommando slik det ofte var vane i lyd og lag. Fossmark var lettliva og rødesam og såg ljosare på tilværet enn dei fleste i hans dagar. Men eit djupt allvor låg attom. Bar det imot, vart han snart tunglynd og tagal, nærtakande og hugsår. Ulike sinnstemningar spegla seg att i kunsti hans. Det var ekte bondeadel og sann kultur både over mannen og musikken hans. Å sjå til var han ein finsleg, stutt, men ein stovandes mann og med andlitsdrag som vitna om eit kjenslevart sinn og eit varmt bankande hjarta. Stillfarande og smålåten var han og gjorde sjølv aldri krav på å vera noko storspelar.

Den spelemannen frå Nordhordland som vart halde som ein av dei fremste, jamsides Fossmark, var Martinus Gjelsvik. Sistnemnde vilde helst halda seg noko betre i spel enn fyrist nemnde. Men i fin feletone og klangdåm stod Fossmarken fremst. Både var dei mykje søkte som spelemenn i bryllaup, og det hende ved fleire høve at dei kappspela ved kyrkja.

Det er ikkje mange av slåttane Johannes Fossmark spela, me kjenner namnet på. Stort sett var det nok ting som var ålmənt kjende millom spelemenn på Vestlandet, men mest i Nordhordland og på Voss. Dette hopehav hev på fleire vis vore ein sterk rennande kulturstraum i hundredtals år. Serleg sterkt ser me dette når det gjeld den tradisjonelle tonekunst, slåttemusikken. Her hev me mykje å takka Voss for. Fleire av dei fremste felespelarane på Voss hadde læresveinar ymse stader i Nordhordland, m.a. Haus, Hamre, Hosanger og Bruvik, der Johannes Fossmark var ein av dei som fekk slåttar derifrå. Flest læresveinar hadde Nils Rekve, Isak Rokne og Anders Berge.

Fossmark nytta berre felor laga av Johannes Tveit i Samnanger, han hadde tre slike instrument. Den fela han hadde lengst, var han sjølv til Samnanger og tinga seg. Det var den seinaste fela Johs. Tveit laga. Dette instrumentet eig no Mons Olson Fossmark, soneson til spelemannen.

Berre ein av slåttane Johannes Fossmark spela fekk namnet hans: Springaren "Fossmarken" som før nemnt⁸. Det er mest truleg at dette opphavlege er ein austmannslått og heiter "Kari Midtgard", som hev kome vestover antan med Myllarguten, Knut Lurås eller Olav Bergsland frå Telemark. Stevet til slåtten seier oss noko om det:

*"Kjenner du ho Kari Midtgard på Tinn?
Bankar du på. So slepper ho deg inn.
Midtgard på Tinn der kjørde me forbi,
Raudmåla sled med fine gjentur i."*

Ei munnleg fråsegn etter Ola Håstadbø, Granvin, om at slåtten er tele, går i same leid: "Gjelsviken" og "Fossmarken" kom nye hertil de tid Myllarguten og Ole Bull var saman i Bergen": Ei tidleg oppskrift av slåtten frå Bø i Telemark prova endå tydelegare det som ovanfor nemnt⁹. Same slåtten er og nemnd i litterære kjeldor¹⁰: At springaren "Fossmarken" eller "Kari Midtgard på Tinn" er gammal er tvillaust. Og om han opphavleg må vera frå Telemark, hev han like vel livt lenge på Vestlandet med, allvisst i Hardanger, der me veit at slåtten høyrdet til Per Bolko (1795-1876), Ullensvang, si spelkunna. Ola Mosafinn nemnde denne springaren både som "Bolkoen" og "Fossmarken". Men då eg hausten 1905 lærde han i kårkoven til Mulen (Mosafinn) kalla han slåtten "Fossmarken". Ved ei innspeling på pathefgon nemner Mosafinn same slåtten som springar etter Per Bulken¹¹. Oddmund Urheim (1816-

1895), Kinsarvik, spela ei form av same slåtten. Ein variant av "Fossmarken" hev vore nytta som scenemusikk til eit skodespel¹².

Korleis eg sjølv kom til å læra springaren "Fossmarken" stig no fram som eit snart femtiår gamalt minne. I fleire år etter ein anna var eg kvar haust ein tur til Ola Mosafinn for å læra slåtter og spelkunna, soleis og seinhaustes 1905. Eg hadde husvære hjå han Sjur Saue, som Mosafinn hadde kjøpt seg kår av. Og låg i stova hans Sjur. Mosafinn stulla og sov i den vesle koven sin ved sida av. Han var ein ekte morgonfugl og oppe i fire-halvfem tidi om morgenon kvar dag, vetter som sumar. Og den som vilde læra noko, måtte vera vaken, han med, for det beit best på morgenon, seinare vart det berre ein sleng.

So var det ein morgen eg vakna av so vidunders fint eit felespel. Det var ein springar, melodiøs og meisterleg godt spela. I all hast hamsa eg på meg og kom meg inn i koven til han Ola, fela kom fram, og eg bad so vent om å få læra den fine slåtten han nett hadde spela, og før klokka slo seks, hadde eg slåtten både i fingragummene og tåspissane. Glad vart eg som hadde fenge lært so triland fin og frisk ein slått. Gildt var det og at slåtten hadde namn etter ein kjend spelemann frå mi eiga heimbygd. "Fossmarken" hev seinare vore ein av dei Mosafinn-slåttane eg hev spela oftast og vore mest glad i.

Men til slutt attende til mannen. Eit gåverikt menneske var han på fleire vis, åtte kunstnargjevnad og diktarånd.

Snaudt nokon annan spelemann i Nordhordland hev sett so synberre merke etter seg som Johannes Fossmark frå Bruvik. Og får me ein gong ei samla soge om spel- og spelemenn i dette bygdelaget, vil ein finna han millom dei fremste på dette kulturområdet.

Kjelder.

- 1 Norsk Årbok. Bergen 1922s. 12-14. (Arne Bjørndal.)- Arne Bjørndal: Ole Bull og Norsk Folkemusikk. Bergen 1940, s. 11-12 og 20-23.- David Monrad Johansen: Edvard Grieg. Oslo 1934, s. 30.
- 2 Norges Musikkhistorie I. Oslo 1921, s. 150. (Rikard Berge.) - frå Fjon til Fusa, 1948, s. 65-73. (Arne Bjørndal.) – Spelemannsbladet nr. 1, 1948. (Arne Bjørndal.)
- 3 Norges Musikkhistorie I, s. 150 (R. Berge.) – Arne Bjørndal: Ole Bull og Norsk Folkemusikk, s. 51-52. – "Den 17de Mai" 25.2. 1916. (A. Bjørndal.)
- 4 "Ung Noreg" 1923, s. 11-13. Elias Mjåtveit. – Folkemusikk-tradisjon på Vestlandet. Per Olson Mjåtveit 1800 – 1884. "Bergens Tidende" 30.12. 1950. (Arne Bjørndal.) Spelemannsbladet nr. 2. 1951.
- 5 Spelemannsbladet nr. 3, s. 11 (Olav Antun.)
- 6 "Hordalbladet" 4.8. 1931. (Elias Mjåtveit.)
- 7 Arne Bjørndal: Ole Bull og Norsk Folkemusikk. Bergen 1940, s. 51-52.
- 8 Arne Bjørndal: Norske slåttar, h. 2, nr. 12.
- 9 L.M. Lindemann: Aeldre og nyere norske Fjeldmelodier, nr. 114.
- 10 Arne Bjørndal: Ola Mosafinn. Bergen 1922, s. 102. – Rikard Berge: Myllarguten, Kra. 1908, s. 108.
- 11 William Farre: Pathenfonnummer 17824.
- 12 Aslaug Vaa: Tjugendagen. Urpremiere på D.N.S., Bergen, 2/2 1951.